



Minerva rundar Korsnes i ettermiddag

**Det greske cruiseskipet Minerva, som er registrert på Bahamas, gjekk innover gjennom Storsund i dag. Det er på 12500 toinn og 133 meter langt..**

Passasjertalet er 350 og med eit mannskap på 160, skjønar vi at dette er av dei meir eksklusive cruisetilboda. Offiserane er britiske.

Vi kjenner ikkje til kva destinasjon 'Minerva' har. Det let seg heller ikkje gjera å få skipet opp på nettsida Skipstrafikk i Sunnhordland der vi elles på dataskjermen kan fylgja all skipstrafikk på kysten og inn i Hardangerfjorden.

Sommarcruisa på norskekysten går ut frå Portsmouth i England og på seglingslista finn vi Åkrafjorden som eit av turmåla. Det har lenge vore arbeidd med å få Åkrafjorden betre kjend som eit besøksmål for cruiseskip. Det har ikkje lukkast slik det er for Ulvik og Eidfjord.

Minerva er eit mykje brukt skipsnamn, oppkalla etter den romerske gudinna med same namn. Skipsredar H. M. Wrangell i Haugesund hadde faktisk 3 skip døypt Minerva

Den siste 'Minerva' i Haugesund( 1958 - 1978 ), eit linje- og trampskip på 12400 tdw., 478 fot langt, vart på 1960 talet ført av kaptein Olav Bringedal. Lovise og Johan Sunde frå Uskedalen segla og var med og hadde tilsyn med dette skipet før det vart seld i 1978.

Foto: Ola Matti Mathisen  
Tekst: Kristian Olav Bringedal